

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
004/25	Valstyret	15.05.2025

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsaksnr.
Tordis-Kristin Tobiassen	K1-011	24/1057

Tid og stad for førehandsrøysting ved stortings- og sametingsvalet 2025

Kommunedirektøren si tilråding

Det vert halde røysting etter følgjande oppsett:

Kommunehuset

- Tidlegrøysting i perioden 01.07.25 til 09.08.25.
- Ordinær førehandsrøysting er i perioden 10.08.25 til 05.09.25.

I båe tilfella må veljaren venda seg til ekspedisjonen på kommunehuset si opningstid som er kl. 10.00-14.00 kvar dag.

Vik bygde- og sjukeheim

Ein kvardag i august etter avtale med institusjonen.

Vik fengsel

Ein kvardag i august etter avtale med institusjonen.

Ambulerande røysting

I perioden 25.08.25 til 05.09.25.

Valstyret - 004/25

VAL - vedtak:

Det vert halde røysting etter følgjande oppsett:

Kommunehuset

- Tidlegrøysting i perioden 01.07.25 til 09.08.25.
- Ordinær førehandsrøysting er i perioden 10.08.25 til 05.09.25.

#velkomentilvik



- Kommunedirektøren vel ein høveleg laurdag for førehandsrøysting på kommunehuset.

I båd tilfella må veljaren venda seg til ekspedisjonen på kommunehuset si opningstid som er kl. 10.00-14.00 kvar dag.

Vik bygde- og sjukeheim

Ein kvardag i august etter avtale med institusjonen.

Vik fengsel

Ein kvardag i august etter avtale med institusjonen.

Ambulerande røysting

I perioden 25.08.25 til 05.09.25.

Samrøystes.

Kort samandrag

Vallova og valforskrifta set ein del fristar for gjennomføring av røysting til vala. Kor vala skal gjennomførast er det opp til valstyret å avgjera. Det skal alltid vera 2 røystemottakarar ved mottak av førehandsrøyster. Det er nytt i lovverket at veljaren også på førehandsrøystinga kan velja å få røyste utanfor vallokalet.

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m

Lov om val til Stortinget, fylkesting og kommunestyre (vallova)

Forskrift om val til Stortinget, fylkesting og kommunestyre (valforskrifta)

Saksopplysningar

Det går fram av vallova kapittel 7 korleis førehandsrøystinga skal gjennomførast.

Tidleggrøysting går føre i perioden frå 1. juli til 9. august. Det vert ordinær førehandsrøysting i tida 10. august til og med fredagen før valdagen som vil seie 5. september 2025. Det er opp til valstyret å avgjera kvar veljarane kan få røysta. Kommunane må leggja til rette for røysting på helse- og omsorgsinstitusjonar og i fengslar.

Vurdering

Det vert halde røysting etter følgjande oppsett:

Kommunehuset

- Tidleggrøysting i perioden 01.07.25 til 09.08.25.
- Ordinær førehandsrøysting i perioden 10.08.25 til 05.09.25.



I båd tilfella må veljaren venda seg til ekspedisjonen på kommunehuset si opningstid som er kl. 10.00-14.00 kvar dag.

Vik bygde- og sjukeheim

Ein kvardag i august etter avtale med institusjonen.

Vik fengsel

Ein kvardag i august etter avtale med institusjonen.

Ambulerande røysting

Privatpersonar som set fram krav om å få røysta til ambulerande røystemottakar vert rekna som ordinær førehandsrøysting. Siste frist for å setja fram eit slikt krav er klokka 12.00 torsdagen før valdagen som vil vera 04.09.25. Kommunedirektøren rår til at me opnar for slik ambulerande røysting dei to siste vekene av den ordinære førehandsrøystinga, og det vil seie i tida 25.08.25 - 05.09.25. Det er slik det er gjennomført også ved tidlegare val her i Vik kommune.

Sametingsvalet

All røysting ved sametingsvalet vert gjort under førehandsrøystinga og ikkje på valtinget. Oppteljing av røystene går føre seg sentralt hjå Sametinget.

